

# ÅRSMELDING

# 2014



# JØSNESET BYGDARÅD



## Årsmøtet blei halde 18.02.2014

Helga Havneraas møtte for valnemda. Valnemda sitt forslag blei einstemmig vedteke:

Odd Fosså, leiar for 1 år

Cesilie Waaland og Sven Gjil Westersjø; var ikkje på val

Unni Fossaa og Svanhild H Gbada, nye styremedlem for 2 år

Oddvar Skiftun: ny revisor 2år

Varamedlemmer: Knut Foss og Ola Skiftun

Valnemda: Olga Hjorteland, Paul Olav Skiftun og Berit Skiftun Hjorteland (ny)

### På første styremøte konstituerte styret seg slik:

Leiar: Odd Fosså

Sekretær: Svanhild Hjorteland Gbada

Kasserar: Sven Westersjø

Styremedlem: Cesilie Wåland (innkjøp) og Unni T Fossaa (Trivselsstova)

### ÅRET 2014:

- **Møter:** Me har hatt 3-4 ordinære styremøte + separate møter i **Bulystgruppa:** JB:Odd Fosså/Svanhild H Gbada + Silje Sværen, og Torstein Rødde og **Arbeidsgruppa Jøsneset 200 i 2020:** JB: Sven Westersjø + Jostein Hjorteland, Elsa N Altamirano, Ola Skiftun og Lene Hjorteland. Ein del av arrangementa 2014 var i regi av desse undergruppene. Òg fleire møter ifm Smashing Jøsneset. Elles ein del dialog/avklaringar via e-post. JB stilte òg på møte i Kontaktforum i regi Frivilligsentralen 2014.
- **Framtida for skulebygningane:** møte juni rådm/ordførar/oppvekstsjef: blei lova tilstandsrapport og politisk prinsippsak ift framtida for slike bygg i fleire bygder. Ingen av delane er utarbeidd. Deretter fellesmøte desember med bygdaråda Randøy/Jøsenfjorden/Vormedalen + ordførar/rådmann/Bjørn Laugaland: blei igjen lova prinsippsak. Hittil ingen sak, så det er framleis uvisst kva som skjer med bygningane. Førebels har JB laga bruks-reglement for gymsalen; og JB driftar bygget. Har meldt ifrå til kommunen om lekkasje og manglande varme gymsal: ingenting reparert. Drift av bygningane kan bli stor utfordring for bygda framover.
- **Fibernetutbygging:** viktig sak for Bygdarådet dette året; stort engasjement ift kundedekning, informasjon og tilrettelegging av to folkemøter i gymsalen saman med Lyse. Utbygginga blir iverksett 2015.
- **25.mars: Den internasjonale Vaffeldagen**– gode varme vafler i fokus i Trivselstova, ca 45 fram møtte, kombinert med Bulyst-idèdugnad: mange gode idear mottatt; og ein del realisert etterpå.
- **13.mai Ryddedag:** me rydda langs vegar og på skuleområdet + utvask Trivselstova. Godt oppmøte, med pølser, brus og kaffi som vanleg
- **13.juni-Avslutingsfest Jøsneset skule:** JB var representert i festkomiteen v/ Odd og Svanhild. Stor, flott, verdig minnefest med ca 170 deltakarar, flotte minnetalar, siste elevframsyning, songar, underhaldning og god mat. Takk for alt, Jøsneset Skule !
- **23.juni :Jonsok-feiring** Skiftu-stranda i samarb m/Helselaget: uvanleg tørt/varmt vær og kun ørlite bål pga brannfaren. Grilling, tautrekking og krabbekonkurranse som vanleg. Godt fram møte, mange barn.
- **16 aug: Linedancekurs,** gymsalen, 16 deltakarar, Instruktør: Lisa Albrigsen, arr: Bulystgruppa m/noko sponsing frå JUL. Deltakarane hadde oppvisning på Smashing Jøsneset-arrangementet og hadde òg «gjenoppfriskingskveld» 13.nov november.

- **23. aug:** «Smashing Jøsneset» både JB og Helselaget deltok i 3-årig bulystprosjekt «Hjelmeland 24/7». Odd var JB sin representant. Prosjektet si avslutning blei markert med utekonsert på skuleplassen m/Hanne Sørvaag på nysnekra scene. «Skiftudal Open» la si volleyballturnering til same dagen, og på kvelden tok JB initiativ til fest/dans, så totalt blei det nesten ein liten festival. Ca 200 betalande og stor dugnadsinnsats
- **20.sept «Kick-off»: Jøsneset 200 i 2020:** arbeidsgruppe folkevekst etter initiativ JB: Har hatt møte m/ ordførar og politiske grupper, laga T-skjorer, banner, mm «Kickoffet» hadde godt oppmøte:presentasjon av bustadfelt i Nesvik og idèdugnad ift vekst og utvikling. Kaffe/knask. Bordtenningsturnering i regi av JUL.
- **28.sept : Tilflyttardagen v/kommunen :** JB stilde på stand på Spinneriet m banner, fotopresentasjon, T-skjorter og lokale Jøsnes-produkt
- **10.oktober: TV-innsamling «Vann forandrer alt»** JB gjekk med bøsser, og arrangerte kafè i Trivselstova. Godt oppmøte og 2410 kr ekstra i bøssene frå kafèen + nokre 100-lappar ekstra frå Kogekjellå-baderane (apropos «vann-forandrer-alt»)
- **30 nov: Tenning av julegrana:** Fakkeltog frå kaien; barnekonsert utescenen skuleplassen: song julesangar. Matøkt inne på Trivselstova; hamburgerar, kaffe, gløgg, mm. Til slutt tenning av treet v/branngarasje og gang rundt treet. Ganske godt oppmøte
- **1.des: Odd Nordstoga Konsert Sand;** felleskjøring, 15-20 stk. Arr Bulystgruppa
- **8.des: Julepåleggskurs på Bøen:** Silje Sværen skaffa råvarer og heldt produksjonslokaler, 10 stk surra lammerull, sylteflesk og laga leverpostei. Arr Bulystgruppa
- **10 des: Julekakebakekveld,** 4 stk laga 4 sorter og delte heim med seg. Arr Bulystgruppa
- **Nyttårsfest;** 54 deltakarar – mange barn i godt lag med vaksne, Festlig pynta gymsal, og fantastisk felles matbuffet m/dessert og kaker....veldig vellykka. Bulystgruppa mm
- **Jøsnesposten:** den populære skuleavisa er jo historie, men ein trykte opp 100 eksemplar av «samla verker» 1982-2014 til avslutningsfesten (700 sider) - all inntekt til bulystarbeid på Jøsneset. Det er kun nokre få eksemplar igjen for sal. Bulystgruppa har tatt initiativ til at Jøsnesposten òg blir produsert i 2015; om enn i ein litt anna form. Fleire interesserte, derav mest barn, har starta produksjonen.
- **Jøsneset på nett:** Bygda si heimeside [www.josneset.no](http://www.josneset.no). har mykje besøk, og blir stadig oppdatert med små og store hendingar. Send inn tips, foto, plakatar og ting du ønskjer å formidle til mange. Sida er driven ilag med Helselaget og JUL. Bli også «venn» med Jøsneset på Facebook; open side: [www.facebook.com/Josneset](https://www.facebook.com/Josneset).
- **Idèkasse :** JB har sett opp ein gul postkasse v/branngarasjen. Her kan du gi oss tips, idear, forslag om ting du ønskjer skal skje i bygda eller ting du vil JB skal engasjere seg i. Me nås jo sjølv sagt òg på meir moderne vis: [bygdaradet@josneset.no](mailto:bygdaradet@josneset.no) ☺
- **Grøn trivsel:** JB handla inn blomster til velkomstkiltet i Nesvik og vatna desse gjennom sesongen + rydda, planta nytt og la flisdekke i bed utanfor Trivselstova.

**Takk til alle som har delteke med frivillig innsats og mykje dugnad på fleire av arrangementa gjennom året ! For ein glød !!**

*Skiftun 30. 01.2015  
Svanhild Hjorteland Gbada.*

